

Fiskeri- og Kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Hardanger, 15.november 2009

UTTALE HØYRING – FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMND I HARDANGERFJORDEN

Vi viser til FKD høyringsbrev - Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden – og ynskjer med dette å kome med innspel til utkastet.

Villfisklaget har med interesse fylgt arbeidet med ei eige forskrift for Hardangerfjorden og vi sluttar oss i det alt meste til framlegget og oversendingsbrevet frå Fiskeridirektoratet.

Hardangerfjorden er landets tettaste oppdrettsområde og har spesielle og særegne utfordringer. Det er fagleg semje i forskarmiljøa og forvaltinga om at lakselus og rømd oppdrettslaks er dei viktigaste årsakene til problema i dette området. Intensjonen med ei ny forskrift går fram av bestillingsbrevet frå FKD til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet der departementet deler bekymringa ”for stoda i Hardangerfjorden, ut i frå bæreevna i fjorden, sjukdoms og helsesituasjonen, tilstanden i dei viltlevande bestandane av laks og sjøaure og næringa sine langsiktige utviklingsmoglegheiter.”

Biomassetak på 50.000 MTB

I framlegget er det foreslått eit biomassetak på 50.000, noko som skal vera ein reduksjon frå dagens 70.000 tonn. Reduksjonen i tilleten MTB vil ikkje få noko praktisk fylgjer, då produksjonen i flg. Høyringsbrevet frå FKD ikkje på noko tidspunkt i 2008 var over vel 48.000 tonn.

Havforskningsinstituttet gjorde alt i 2004 ei utgreiing i samband med Nasjonale Laksefjordar, her kjem det fram at produksjonsmengda av laksefisk i Hardangerfjorden alt på det

tidspunktet var for høg og utanfor bærekraftig nivå. . I sitt forvaltingsråd seier HI at stoda for dei ville bestandane av laks og sjøørret i Hardangefjorden er alvorleg. *”Antall gytefisk er betydeleg redusert, og den store andelen oppdrettsfisk er foruroligende med tanke på framtidig genetisk utvanning av den lokale bestanden. Data tyder også på at sjøoverlevingen for laks og ørret er lavere enn i andre sammenlignbare regioner. Basert på den relativt gode dokumentasjonen av mengden lakselus som blir produsert i området, andel av vill laks og ørret med betydeleg lakselusinfeksjon samt kunnskapen om lakselusen sin innvirkning på fiskens overleving, er det ganske klart at oppdrettsvirksomheten må ta en betydelig del av ansvaret for en kritiske situasjonen for de ville bestander av laks og sjøørret i Hardangerfjorden. Et naturlig tiltak for å styrke bestandene vil derfor være å redusere infeksjonspresset frå lakselus produsert i oppdrettslaks i området, eller ved å redusere nivået av lakselusinfeksjon i oppdrettsbestanden.”*

sjå *”Hardangerfjorden – produksjon av laksefisk og effekter på de ville bestandene av laksefisk” HI-rapport 12.03.04*

Forslaget om å fryse biomassen på 50.000 tonn har ein historisk erfaring for ikkje vil ha nødvendige positive effektar for dei ville bestandane.

Lakselus

Med unntak av Etneelva, har laks vore freda i samtlege lakseførande vassdrag i Hardangerfjorden sidan midt på 1990-talet. Tross dette er bestandane på randa av utrydding. Det er ingen andre kjende vesentleg faktorar enn lakselus som har hatt ein betydning for dette. Solid dokumentasjon frå forskarhald viser auka dødligheit i sjøfasen grunna lakselus som den klart dominerande årsaka.

Alle sjøaurebestandane frå Granvinvassdraget og til Rosendal er sterkt redusert grunna lakselus. Sjøauren i Etne elva har dei siste to åra vore særleg sterkt råka av lakselus. Seinast i 2009 vart dette dokumentert i NINA si kartlegging av lakselus. Årlege tellingar av for tidleg tilbakevend sjøaure til vassdraga, utført av Rådgivande Biologar sidan slutten av 1990-talet stadfestar og lakselus som den viktigaste årsaka til den drastiske tilbakegangen i sjøaurebestanden.

”Sjøørret har blitt fanget ved hjelp av garn, og undersøkt med fire ukers mellomrom (uke 22 og uke 26), fra tre ulike deler av fjorden. Ved den ytterste lokaliteten, Etne (som er en del av den nasjonale laksefjorden Etnefjorden), ble det i mai funnet lite lus på ørreten. Andelen ørret infisert av lakselus var under 50 %, og den infiserte fisken hadde i snitt i underkant av seks lus. I juni, fire uker etter, var situasjonen endret. Så å si all fisk i lokaliteten hadde lus. I tillegg var infeksjonsparametrene langt høyere enn i mai, med et gjennomsnitt opp mot 30 lus per fisk. Nesten all lus var i larvestadiet.

I midtre del av fjorden, Rosendal, var det vanskelig å fange nok fisk. Men resultatene herfra tyder på at lakseluspåslaget var moderat i uke 22, og betydelig høyere i uke 26 med nærmere 80 lus i snitt per fisk.

Ved den innerste lokaliteten, Granvin, var det generelt lite lus på ørreten og heller ingen økning i infisert fisk mellom registreringene. Derimot ble det observert en betydelig andel for tidlig tilbakevandrende sjøørret til Granvinselva i første del av juni, et klart tegn på at sjøørreten er stresset av luseangrep. Ved påslag av lakselus trekker fisken tilbake til ferskvann som lakselusa tåler dårlig. Dette vil ha betydning for ørretens vekst og overlevelse.”

sjå www.nina.no Hardangerfjorden-lakselus.

Rømd oppdrettslaks

Problema med rømd oppdrettslaks er større i Hardanger enn elles i landet. Lokale laksestammer er svært eksponert for denne påverknaden då dei alt er på eit kritisk lågt nivå. Omfanget av rømd fisk på gyteplassane er på same nivå trass i ein sterk reduksjon i rapporterte rømmingar. Dette kan være fisk som har rømt som smolt og kjem attende som voksen, noko som gjer den svært vanskeleg å identifisere i vassdraga. Det må difor innførast eit system for enklare å skilje rømd og fisk med oppdretta opphav. Vi krev difor at det i forskrifta vert konkretisert tiltak for merking av all oppdrettsfisk for utsett i Hardangerfjorden. T.d. ved krav om at all smolt skal fettfinneklippast. Likeins må det på plass ei finansierings - ordning for uttak av rømlingar på gyteplassane.

Ny teknologi

I samband med innføringa av ei særskild forskrift for akvakulturaktivitet i Hardangerfjorden bør ein også nytte høvet til å få i gang ein teknologisk endringsprosess med overgang til lukka anlegg. Hardangerfjorden vil i så måte vera velegna til denne type FoU-aktivitet og gi regionen ein status som fell saman med kåringa av *"fjordane som verdas beste reisemål"* sjå National Geographic Traveler. Eit slikt initiativ vil i tillegg tiltrekke seg merksemd, aktivitet og arbeidsplassar og skape inntekt både direkte og indirekte, ikkje minst frå ei framtidig næring som er stabil fordi ho er berekraftig.

Konkrete miljømål

I oversendingsbrevet frå Fiskeridirektoratet til FKD gjorde ein framlegg om å ta inn konkrete miljømål som skulle vera utløysande for tiltak dersom desse ikkje vart nådd. I framlegget til forskrifta er desse ikkje tatt med. Desse var;

- Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.
- Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande lakselusskada sjøauare seinare i sesongen. Begge deler gjeld for alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.
- Det skal ikkje vera prematurt tilbakevendt sjøauare i elvosen før 15. juni, og heller ikkje store opphopningar med tydeleg lakselusskada sjøauare seinare i sesongen. Begge deler gjeld for alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.

Villfisklaget vil peike på at dette er godt kvantifiserbare og konkrete mål som må på plass i ei endeleg forskrift. Utan miljømål vert ei oppfølging av forskrifta vanskeleg for næringa, villfiskinteressene og ikkje minst for forvaltinga.

Organisering av forvaltinga av Hardangerfjorden

Det er ved fleire høve og frå ulike hald vist til det gode samarbeidet mellom villfiskinteressene og næringsaktørane og at dette må vera grunnlaget for positive

forvaltingsmessige grep for å betre stoda i Hardangerfjorden. Pr. i dag eksisterer det ikkje konkrete døme på slikt samarbeid. Det er frå villfiskinteressene vist til arbeidet med forskrifta og at denne må på plass som ein grunnmur før ein går inn og konkretiserer samarbeidsprosjekt. Det må ikkje vera slik at forvaltinga av Hardangerfjorden vert overlatt ulike aktørar, næringa og særinteresser.

Med helsing
Hardangerfjord Villfisklag
Sven-Helge Pedersen
Nedre Røystrand, 5736 GRANVIN

e-post: villfisk@gisp.no